

Utstillarreglar Ryfylkedagane, marknadsdag 02.juni 2017

1. **Utstillingsområdet/ marknadsplassen er i Sand sentrum frå nord til sørende av Gatå og opp til parkeringsplass ved Bunnpris.**



Gata er stengd i sørenden ved Ryfylke Fjordhotel og ved Øvre Dalane frå kl. 08.00 til 17.00 marknadsdagen

2. **All ferdsel på utstillingsområdet skjer i samsvar med komiteen.**
Det skal berre parkerast på tilviste plasser.
3. **Ingen utstillar blir registrert før påmeldingsskjemaet ligg føre og standleie er betalt** til Ryfylkedagskomiteen. Kvittering tas med marknadsdagen ved kontroll. Påmelding er bindande og utstillar hefter så standleie. Komiteen er ikkje pliktige til å tilbakebetala standleiga uansett årsak. Sals-utstillingar skal være under tilsyn av eigaren/utstillaren.
4. **Utstillaren kan ikkje utan løyve reise frå standen** før marknadsdagen er slutt dvs. tidligast kl. 17.00. Frie stands, som ikkje opprettheldt opningstida på marknadsdagen, kan bli etterfakturert ved fråvær på oppsett markands- tid.
5. **Utestand blir vist utstillaren utan avskjerming, stolar og bord.** Utstillar må sjølv ha med seg nødvendig utstyr til stand. Ekstra opplegg for straum, stikkontaktar, vatn osv. må avtalast ved påmelding.
6. **Påmeldingsfrist står på påmeldingsskjemaet.**
Komiteen føreheld seg retten til å avslutte registrering av utstillarar eller eventuelt redusere påmeldt areal dersom marknadsplassen skulle bli fullteikna før påmeldingsfristen går ut. Ryfylkedagskomiteen har den endelige avgjerda når det gjeld kven som er utstillarar, fordeling av utstillarplassar og justere tildelt areal. Komiteen har høve til å takke nei til påmeldingar om varegruppene blir for like og konkurrerande for handelsstanden. Utstillarar som tek seg til rette på andre plassar er den som er tilvist, kan visast bort frå marknaden.
7. **Kunn varer/produkt som er påmeldt kan visast på standen utstillardagen.** For utstillarar som sel matvarer må sals-innretningar og vareutval følgje mattilsynet retningslinjer og godkjenningar for sal av næringsmidlar.
8. **Utstillingsplassane blir stilt til rådvelde for utstillarar laurdag morgon frå kl. 08.00.** Utstillarar må sjølv syte for all transport, montering, demontering, pakking, eigne varar og dekorasjonsmateriell. **Standen skal leverast attende fri for avfall,** dekorasjonar, spiker, fundament o.lign. Ved eventuell forsømming av dette har arrangørane rett til å utføre turvande opprydding på utstillars rekning. Utstillarplassen skal være fjerna innan 19.00 same dag om ikkje anna er avtalt.
9. **Ynskjer utstillar å ha stand fredag i forkant av marknadsdag skal avtalast med sentrumsleiar på førehand.** Tlf. 906 84 861
Utstillaren kan ikkje rekne med at dei for tildelt same plass som på marknadsdagen på grunn av gatebilde er opent for transport og parkering fredag. Kostand for å ha stand fredag før sjølve marknadsdagen er standleiga kr 500,-
10. **Utstillarane er ansvarlege for skader dei påfører** bygningar, anlegg, innreiingar og personar. Utstillar må sjølv ordne med forsikring av sin stand. Arrangørane tek ikkje ansvar for dei utstilte varene, utstyr eller tredje persons eigendeler.
11. **Arrangørane av Ryfylkedagane tek seg rett til å avlyse marknadsdagen** eller deler av denne dersom det syner seg uråd å gjennomføre tilskipinga på grunn av t.d. brann, vasskader eller tekniske skader på utstillingsområde og enkeltstandar. Arrangørane skriv frå seg ansvar overfor utstillarar som følge av avlysinga som beskriven under punkt 10.
12. **Parkeringsavgift i sentrum marknadsdagen er kr 50,-** Gratis parkering for utstillarar er ved kyrkja « Tunet» om ein viser til kvittering for innbetalt standleige. Sjå utstillarkart.